

2025-2030 IMS I TIDA FRAMOVER

Kva er formålet med arbeidet me driv? Kva retning skal det ta? Korleis kan me gjera endå større framsteg i å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid? Dette er viktige spørsmål å stilla med jamne mellomrom, og ha ein plan for. Så har IMS gjennom ImF-prosessen også blitt utfordra på korleis arbeidet kan gi «meir misjon» og bli eit «betre vi».

Under årsmøtet i 2020 vart det vedteken verdiar for IMS, samt ny strategiplan gjeldande 2020-2025. Gjennom det siste året har me i ulike fora som tilsette- og styresamlingar arbeidd med strategi for dei neste fem åra. Også for neste periode ynskjer me å ha fellesskapsvekst, leir og leiartrening som utviklingsområde. Mykje ser difor likt ut. Den største endringa skjer under «kjenneteikn 2030». Fleire punkt er nye. Andre er revidert eller vidareført.

Kvart år skal IMS utarbeida eittårsplanar for korleis me stegvis kan nå kjenneteikna for 2030. Sjølv om planen i hovusak skal iversetjast av IMS-tilsette, skal tiltaka koma det lokale arbeidet og avdelingane våre til gode. Følgeleg vil det då også gripa inn i dette arbeidet. Me ynskjer å vera aktuelle for arbeidet. Er planen og kjenneteikna relevante? Samtal gjerne om dette i din samanheng. Du kan også senda innspel til post@indremisjonen.no. NB! På nettsida står det meir om organisasjonar, ulike verktøy og omgrep nemnd i denne planen.: <https://indremisjonssamskipnaden.no/om-oss/strategiplan>

FORMÅL VERDIAR

**Fremja Guds rike
og halda oppe
eit livskraftig
indremisjonsarbeid**

Påliteleg
Bibelen er Guds Ord, og er ei påliteleg, autoritativ og inspirerende kjelde for eige trusliv, opplæring, formidling og teneste. Som Jesu etterfylgjarar er me til å stola på i ord og handling.

Hjartevarm
Å vera hjartevarm er å syna nestekjærleik. I våre fellesskap opplever den enkelte seg trygg, inkludert, sett og møtt som eit heilt menneske.

Utrustande
Gjennom livskraftig indremisjon skal arbeidet leva vidare og utviklast. Me utrustar difor til teneste, og får fram det beste i medarbeidarane rundt oss.

Misjonar
Som menneske og kristne er me alle deltakarar i Guds misjon. Fellesskapa og samlingane er slik at dei når ut til nabolaga våre.

VISJON

**Me vil byggja varme,
inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus
og gjera dei til hans disiplar**

UTVIKLINGSOMRÅDE

FELLESSKAPSVEKST

FORMÅL	KJENNETEIKN 2030
Saman med lokalt leiarskap ynskjer IMS å vera pådrivar for vekst og utvikling i lokale fellesskap, samt styrkja dei truande. Vekst kan skje på ulike måtar. Fleire stader trengs det nye kristne fellesskap, mindre eller større, for å nå nye grupper menneske. Eksisterande fellesskap har dessutan stort potensiale i å veksa og tiltrekkja seg nye menneske.	NaMu er kjent som nyttig verktøy for sunne fellesskap, og tre fellesskap nyttar dette. ImF sitt strategiverktøy er prøvd ut og tilgjengeleg.
Opp, inn og ut-fokus er viktig for å vera sunne, både som enkeltmenneske og i fellesskapet. Me ynskjer å vera Ordet nær og menneske nær.	Oppstart av fleire livsnære grupper, drivne lokalt, som har kultur for å multiplisera seg. IMS har oversikt over tilgjengelege ressursar og opplegg som kan nyttast. Tilbod om oppfølging av gruppeleiarar.
	Awana er eit kjent verktøy. 30% av laga og 60% av forsamlingane nyttar dette. Alle våre lag og fellesskap har tilbod om å delta i eit nettverk. Fleire er også i ei nettverksordning der dei er ressurs for andre, som igjen har fokus på å bli til nye fellesskap.
	Kvart lag, foreining og forsamling som ynskjer det, får besøk og oppfølging av IMS minst to gonger i året.

LEIR

FORMÅL	KJENNETEIKN 2030
IMS ynskjer å løfta leiararbeidet med mål om at fleire skal bli betre kjent med Jesus og finna nye kristne vener på leir.	Alle leirdeltakarane får informasjon om eit kristent tilbod i deira heimbygd/nærrområde. Det er plan for korleis unge som tar imot Jesus på leir vert fulgt opp.
Leir skal fremja nettverksbygging mellom lokale bygder, og skal i tillegg styrkja relasjonen til både Jesus og kvarandre.	Gode leiartreningsressursar som kan nyttast av leirleiarar er tilgjengeleg. Unge leirleiarar vert fulgt opp.
Leiararbeidet skal vere ein stad der både leiarar og deltakarar kan utvikla seg.	Kvart år vert det lært opp ein ny leirsjef.
	80 prosent av deltakarkapasiteten er i bruk.
	Det er utarbeida opplæringsplan for kva leirane i dei ulike alderstrinna skal innehalda.

LEIARTRENING

FORMÅL	KJENNETEIKN 2030
For at evangeliet skal spreiaast og arbeidet utvikla seg, trengs det stadig nye leiarar. Me ynskjer å leggja til rette for at leiarane våre får utvikla både kompetanse og karakter.	IMS er oppdaterte på aktuelle leiartreningskonsept (M4Ready, Ung-leider, Fundament m.a.). Fleire enkeltpersonar og grupper har gjennomført dette.
Me vil rekruttera nye leiarar gjennom å få ein lærlingekultur, og at fleire vert utrusta til teneste.	Konfirmantkull blir utrusta til å leva med Jesus. Det er plan for oppfølging av fjorårets konfirmantar, og C1 er i gong.
	Alle lokale leiarar har minst ein stad dei kan utvikla seg som leiarar – til dømes konferanse, ressursgruppe, kurs, lokale leiarsamlingar, nettverksgrupper.
	Alle veit kva utrusta til teneste betyr og hjelper kvarandre i korleis det kan sjå ut for den einskilde.